

Nr 14 | November 2022 | Årg. 6

Kundemagasin

Side 6-7

## Avfallsmagi hos SIM!

- Omdanning frå avfall til superstoff

Side 4-5

## Berekraft i kvardagen vår

- Forteljing om avløpsarbeidet i BVA





Audun Halleraker  
Dagleg leiar BVA

# Omdømmepris og berekraft i kvardagen

**Det var med stoltheit, glede og ikkje så lite overrasking eg fekk ta imot Norsk Vann sin omdømmepris på vegne av det flotte teamet me har i BVA!**

**Eit målretta arbeid ber frukt**

Me starta for over fem år sidan eit målretta arbeid med formidling om kva BVA gjer på. Prøvd å fortelja våre kundar og samarbeidspartar kven me er og kva dei kan forventa av oss, kva krav og vilkår eit offentleg vatn- og avløpsselskap arbeider under. Laga undervisningsopplegg vatn- og avløp for skule og barnehage, informera om BVA gjennom kundemagasinet «Friskt» og på nettsider og sosiale medier. - I forkant av dette hadde me arbeidd med å gjera oss sjølve medvitne på korleis me arbeider og kommuniserer internt, med kollegaer, leverandørar og ikkje minst korleis me møter kundane våre.

**Berekraftig kvardag**

I ei tid med stor merksemd på berekraft arbeider me med det kvar einaste dag. Vår visjon formidlar berekraft: «Liv, helse og vekst til våre kundar og vår vakre natur.» Nok reint, godt vatn er ein berebjelke i alle samfunn og livsviktig for alle individ. Skikkelege sanitære forhold og forsvarleg handtering av avløp handlar om å forebyggja sjukdom og ureining av naturen. Vår logo speglar dette bildet – og den stadige kontrollen

og kvalitetssikringa av vatn og avløp. – Berekraft handlar også om økonomien og utbygging for framtida. Difor legg me planar, og arbeider systematisk for at framtidige generasjonar også skal få gleda av det me byggjer ut. Og me legg arbeid i å gjera det utan at det blir for store gebyr for kvar einskild husstand der framme.

**Du er viktig for oss!**

Me går på jobb kvar dag for å gi deg og dine med-bømlingar «liv, helse og vekst» gjennom tenestene og produkta våre. Me er også opptatt av at næringslivet vårt skal kunna utvikla seg og ha tilgang til nok av det gode vatnet me produserer, til sine føremål.

**Prisar inspirerer og forpliktar!**

Som eit klapp på skuldra, eit rosande ord er ei merksemd gjennom ein pris inspirerende og gir ein god følelse. Samtidig er det forpliktande. Mange vil nok «sjekka ut» om dette stemmer, er dei så gode som ein vil ha det til? - Det blikket skal me tåla, og møta med openheit. Me vil prøva å gi gode svar og løysingar på spørsmåla og utfordringane me får, i tråd med mandatet me har frå vår eigar, Bømlo kommune.

«Me vil prøva å gi gode svar og løysingar på spørsmåla og utfordringane me får...»

Audun Halleraker,  
dagleg leiar



BØMLO VATN OG AVLØP

Vår visjon er:

**Liv, helse og vekst til våre kundar og vår vakre natur.**

«FRISKT» | Kundemagasin utgjeve av Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS  
Ansv. red. Audun Halleraker  
Design & tekst: Zpirit AS  
Foto: Zpirit/andre  
Distribuert til hushaldningar i Bømlo.



Framsdebilde:

Entusiastiske Einar Breivik viser oss rundt på SIM sitt store komposteringsanlegg i Svartasmoget på Fitjar.



Foto: Arne O'Hollund

# Det enorme vasskrinsløpet

Det fantastiske bildet til Arne O. Hollund illustrerer på ein vakker måte vasskrinsløpet her på Bømlo!

Du vil aldri kunna gå på ei sky! Fordi det berre er vassdropar eller damp i lufta. Skya kan gi nedbør som regn, hagl eller snø. Regnet landar kanskje i eit vatn som om vinteren frys til is. Den kan du gå på, om han er tjukk nok!

**Det evige krinsløpet**

Krinsløpet til vatnet er jorda sitt eige gjenbrukssystem. Det er dette krinsløpet som sørger for at elver og bekkar heile tida renn ut i hava, og for at atmosfæren inneheld skyer og regn. Vatnet kjem ned på jorda som nedbør, og gjer ein stor jobb før det igjen fordampar ved hjelp av solenergi. Utan dette krinsløpet ville det ikkje vore liv på jorda.

**Råvara vår**

BVA hentar råvara for vassproduksjonen rundt om i vatna på Bømlo, altså overflatevatn som blir fylt på av nedbør. Dette vatnet treng reinsing, derfor snakkar me

om produksjon av vatn. Kvart år behandlar våre tre vassproduksjonsanlegg tilsaman ca 1,7 milliard liter vatn. For å få nok trykk til å sende vatnet ut i leidningsnett, vert vatnet pumpa opp i høgdebasseng.

**Vatn blir brukt til mykje**

Me drikk vatn, nyttar det til matlaging, vasking, nedskylning i do og mykje anna. Når

det har gjort jobben for oss, kvittar me oss med det. Då er det heilt avgjerande at me ikkje har blanda noko skadeleg i vatnet. Det skal nemleg vidare i krinsløpet, ut i naturen og til slutt ut i havet. Det er her avløpsdelen i arbeidet vårt kjem inn.

Me i BVA arbeider kvar dag med å få dette til på ein miljøvennleg og berekraftig måte. Me er på ein måte eit bruksledd i det store krinsløpet, slik logoen vår symboliserer, og har ein visjon om å bidra til «Liv, helse og vekst til våre kundar og vår vakre natur.»

«Uten dette krinsløpet ville det ikkje vore liv på jorda.»



## VATN

Vatn er den mest utbreidde og brukte kjemiske sambindinga på jorda. Vanlegvis blir ordet vatn brukt om sambindinga i flytande form, men her vil vi òg bruke orda vatn om is, snø og vassdamp.

Vatn finst som væske (flytande vatn), i fast form (is) eller som gass (vassdamp). Vassmolekyla er stadig i rørsle, og vatnet skiftar form etter kor rask rørsle molekyla har. Når vatn blir varma opp, blir det tilført energi, noko som set vassmolekyla i rørsle, og hydrogenbindingane blir brotne. Vatnet går då frå væskeform til gassform. Vassdamp er slik vassmolekyl som smett ut av vatnet og ut i lufta. Når vassdampen blir avkjølt, endrar han seg og blir til flytande væske igjen.

Mange av dei kjemiske reaksjonane som går føre seg på jorda og i oss menneske og alt anna levande, involverer vatn eller går føre seg løyst i vatn.

(Kjelde Store Norske Leksikon)

## Vår logo

Dei tre elementa i logoen tar utgangspunkt i forretningsideen vår: «Bømlo Vatn og Avløp syter for nok reint vatn og miljømessig handtering av avløp 24 timar i døgnet for våre abonnentar...»





# Berekraft i kvardagen vår

– Me går vel ikkje rundt med berekraftsmål til FN i hovudet gjennom dagen, men det ligg likevel i heile vårt arbeid, dette med berekraft, seier Jarle Andreassen. Han er driftsleiar med ansvar for m.a. avløp i BVA.

– Våre styresmakter stiller strenge krav til produksjon av vatn og handtering av avløp. Det i seg sjølv styrer kvardagen i BVA på ein berekraftig måte gjennom lovverk og forskrifter. Men me jobbar jo heile tida med å bli betre på det me gjer.

## Pumping av store mengder avløp

– Bømlø er ganske flatt, faktisk, når ein ser bort frå Siggjø. Det betyr at avløp må pumpast. Det vedkjem i alle fall to av dei

omsyna me må ta i berekraftsamanheng, fortel Jarle Andreassen. – For det første at me ikkje skal forureina. Då må me samla opp avløp for å sørga for at det blir reinsa og til slutt sloppe ut i ein god mottakar, nemleg havet. For det andre betyr heile 120.000 meter avløpsrør, 50 pumpestasjonar og 13 reinseanlegg at det skal ein god del energi til for å driva heile avløpssystemet vårt. Derfor er me heile tida opptatt av å effektivisera energibruken og prøver å fjerna faktorar som fører til meirforbruk av energi.

## Kva skjer?

Avløpsvatn eller spillvatn er fellesnemninga på vatn som er forureina av menneske.

Avløp frå bad-, oppvask- og vaskevatt blir kalla gråvatn, mens avløp frå toalett gjerne blir kalla svartvatn, eventuelt kloakk. Når avløpsvatnet forlet huset hamnar det hos nokon i septiktank, der det tjuktflytande samlar seg på botn medan vatnet flyt eller blir pumpa vidare til der det skal ut i naturen. For dei som er kopla til BVA sitt system og ikkje har eigen

septiktank, blir avløpsvatnet pumpa til eit kloakkreinseanlegg. Det kan bety at avløpet kanskje må inno mangle stasjonar før det er framme ved reinseanlegget.

For å få effektiv drift på kloakkreinseanlegga er dei sentraliserte, til dømes kjem meir enn halvparten av det offentlege



FN sitt bærekraftsmål nr. 6

## Overordnet bærekraftsmål for vannbransjen

Norsk vannbransje skal forvalte og utvikle vann- og avløpsinfrastrukturen på en måte som sikrer rent vann i springen og i naturen, og som bidrar til at Norge når sine bærekraftsmål.

Norges konkrete bærekraftsmål er knyttet til FNs bærekraftsmål, der særlig mål 6 er sentralt for vannbransjen: «Sikre bærekraftig forvaltning av, og tilgang til, rent vann og gode sanitærforhold

for alle.» Bærekraftig utvikling er også hensyntatt i ulike regelverk og rammebetingelser nasjonalt, eksempelvis formålsparagrafen til plan- og bygningsloven, som er sentral for all arealforvaltning og byggevirkosomhet i Norge: «Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner.»

Nasjonal bærekraftstrategi for vannbransjen vedtatt i 2017. - (Kjelde Norsk Vann)



På Våge i grålysinga. – Jamnleg ettersyn og vedlikehald på pumpestasjonane er heilt naudsynt for å unngå stopp og dermed fare for forureining.

avløpet i Bømlø til reinseanlegget på Nesse.

## Innlekking og lekkasjar

BVA er heile tida på søk etter lekkasjar i nettet, både i vass- og avløpsnettet. – Det er ikkje trykk i eit avløpsrør i motsetnad til eit vassrør, fortel Jarle vidare. Difor må me nytta andre måtar når me søker etter lekkasje. I tillegg til at overvakinga vår kan gi oss ein peikepinn på kvar det kan vera lekkasjar, brukar me kamera og filmar røyra frå innsida for å avdekka brot og lekkasjar. Ein lekkasje betyr at det blir forureining i naturen. Ei anna form for lekkasje i avløpsnettet er innlekking. Når det kjem store mengder regnvatt kan det leka inn i systemet og føra til ekstra belastning på pumpene og i verste fall klarar ikkje pumpene å ta unna alt vatnet. Det fører til at det fløymer over på pumpestasjonane, naturen vert forureina og det vert brot på forskriftene.

## Utbygging og vedlikehald

Det har skjedd stor utvikling på avløpsfronten dei siste tju år. BVA har bygd ut og om lag dubla talet på avløpspumpestasjonar. Ein har også lagt om frå

eldre typar til moderne stasjonar. Frå å stå nedi pumpestasjonane iført oljehyra, støvlar og gummihanskar for å trykkspyla og gjera reint, har ein idag tørroppstilte pumpestasjonar med kraftige pumper og automatisk spyling. Det har stor betydning for HMS og trivnad i arbeidet. Kloakk er definert som høgriisikoavfall og skal handsamast deretter.

– Arbeidet med avløp held om lag fire tilsette i sving dagleg, kan driftsleiaren fortelja. Me arbeider etter ein oppsett vedlikehaldsplan; tar prøvar, ser etter og vedlikeheld pumper og anna utstyr på stasjonane, kjører spyling på kritiske stader og held alt i orden slik at det ikkje blir driftsstopp. Kvar stasjon har to pumper som veksler automatisk. Det gir også backup om den eine går sund.

Gjennom gode planar for dagleg drift og utbygging riggar me oss best mogleg for ei berekraft også i avløpsarbeidet, sluttar Jarle Andreassen av.

Det skal ikkje lukte frå kloakkpumpestasjonane, derfor blir lufta frå kloakksumpen filtrert gjennom store kolfilter. Her blir gamalt, oppbrukt kol soge ut og erstatta av nytt, om lag 200 kg.

## Litt historie

Gjødsel frå mennesket har mange namn, men i dag kallar me det gjerne for avløpsslam eller berre slam.

### Tida mellom 1900-1950

Utbygging av vatn- og avløpsnett og installering av vassklosett reduserte do-tømminga. Kloakken blei i staden sendt ureinsa ut i elver, vatn og fjordar. Etter berre få år såg ein konsekvensane av forureininga og erkjente etter kvart behovet for at kloakken måtte reinsast før han kunne sleppast ut.

### Tida mellom 1950 - 1980

Reinseanlegg blei bygd for å redusera innhaldet av næringsstoff og organisk materiale i avløpsvatnet. Kommunane valde ulike reinsetekniske løysingar. Uansett metode, resultatet av reinsinga ble reinsa avløpsvatn og slam, der slammet hadde lita eller inga behandling. Mykje av slammet blei dumpa på djupare vatn eller deponert på fyllplassar eller brukt som gjødsel og jordforbetring i landbruk og grøntanlegg. Slammet lukta ofte vondt og dessutan var det få krav og avgrensa kontroll med innhald av miljøgifter som for til dømes tungmetall.

### Tida mellom 1980-2003

Ny miljøpolitikk og nye krav til utslipp pregar denne perioden. Bedrifter som var kopla på kommunale avløpsnett, fekk strengare krav til å redusera utslipp av miljøfarlege stoff. Samtidig blei det gitt ytterlegare krav til reinseanlegga om å ta prøver av avløpsvatn og slam for å sjekka innhaldet av miljøgifter. Krav til maksimalt innhald av tungmetall i slam blei innført og det blei utarbeidd retningslinjer og forskrifter på korleis slam kunne brukast i landbruk og grøntanlegg. Slam var i fokus frå helsestyresmaktene si side også, og som eit av dei første land i Europa innfører Norge krav til at slam skal vera hygienisert og at slam ikkje skal føra til luktulemp.

### 2003 til i dag

Slam er avfall, men samtidig er det også ein ressurs. Nytt regelverk blei utvikla for å forsterka ressurspotensialet og styresmaktene ser på behandla avløpsslam som ei gjødselvar, men berre om krava i regelverket blir følgt. Slam er ein ressurs på fleire måtar. I dag produserer mange reinseanlegg biogass av slammet og gassen blir brukt til oppvarming, straumproduksjon og som drivstoff.

(Henta og omsett til nynorsk frå Norsk Vann si informasjonsbrosjyre «Bruk av avløpsslam»)





# Avfallsmagi hos SIM

– Opp til 3000 tonn i året, med av-vatn slam kjem her i slike bilar, fortel ein entusiastisk Einar Breivik i SIM til oss. Me er på ei lita omvising på komposteringsanlegget i Svartasmoget i Fitjar kommune ilag med Einar og driftsleiar Malvin Andahl. Og i løpet av den romslege timen det tar å gå runden får me augo opp for ei fengslende omdanning frå avfall til superstoff, mest som eit mirakel!

## Matavfall og slam - litt ulike prosessar

I SIM sitt komposteringsanlegg tek dei imot to sortar avfall frå innbyggjarane i kommunane. Bioavfallet me sorterer hamnar her direkte, gjennom innsamling slik me alle kjenner det. Litt lenger veg har slammet frå avløpa våre. Det er dette avfallet me skal følgja gjennom ei mirakuløs, men naturleg omdanning.

## Etter at BVA slepp taket

Om lag 54 % av husa i Bømlo er knytt til det kommunale avløpsnett, resten er private anlegg. Det er SIM som tar seg av slammet anten det kjem frå BVA sine reinseanlegg eller private septiktankar. Det skjer ved at ein slambil kjem og pumpar opp i tanken det som ligg i slamavskiljaren eller septiktanken medan det blir tilsett eit polymér som gjer at vatnet blir skilt ut og pumpa tilbake. På denne måten er det berre tørrstoffet som

blir frakta til Svartasmoget og arbeidd vidare med. Polyméren er eit godkjent stoff som er biologisk nedbrytbart. Det sørger for at vel 80% av det oppsogne råslammet blir skild ut og berre knapt 20 % blir transportert vidare. Dette sparar miljøet for utslepp og abonnen-tane våre for unødige kostnader til transport.

«Det er berre ein måte å få det bort frå avfallet, og det er å hindra det å komma inn»

Einar Breivik  
Maskinoperatør i SIM

endes på vegen, ned til eit stort, asfaltert område med anlegg for tømning, plass til enorme komposteringsrankar og store sorteringshallar for vidarebehandling.

Medan me er på besøk kjem ein trailer med slam. Han tømmer slammet ned i ein bås og det stoppar mot ein voll av oppflisa treverk som Einar har lagt opp. – Eg brukar den vollen som strø, som eg blandar inn når eg tar det herifrå


og legg det i rankar, fortel Einar vidare. Og med det fører han oss vidare i prosessen. – Eg brukar hjullastaren til å blanda slammet med strøet. Så blandar eg kanskje litt hageavfall inn, i frå den dungen der, litt avhengig av kor blautt det er. Mest som ein bakar som må sjå korleis deigen er, seier Einar med glimt i auga.

## Få gong på prosessen

Alle som har drive med litt kompostering veit at det er ein liten kunst å få i gong komposteringa. I botn av ranken ligg eit dreneringsrøyr som er kopla til ei vifte i enden av ranken. Den blæs luft inn under haugen med slam/strø-blandinga. Samstundes er det ein naturleg trekk i haugen fordi varmen som utviklar seg dreg lufta oppover, om lag som trekken i ein ovn vår du har god fyr. – Her blir det mellom 60 og 70 grader, fortset Einar. Men slam kan ein kompostera heilt ned i 35 grader, men då tar det mykje lenger tid. Dessutan er kravet at slammet skal vera over 55 grader i 28 dagar samanhengane for å få det godkjent. Då har me tatt livet av bakteriar som e coli og salmonella, det må me sjølv sagt ikkje spreia vidare. – Me dokumenterer temperaturen heile vegen på kvar ranke. Før måtte me springa rundt med temperaturspyd og stikka ned og notera. No går det digitalt med automatisk logging av temperaturane. Det sparar me mykje tid på



Når slammet er soge opp i slambilen blir det tilsett eit stoff som gjer at vatnet skil seg frå tørrstoffet. Vatnet blir pumpa tilbake i slammet til BVA eller septiktanken din. Tørrstoffet blir kjørt til SIM og tømme slik me ser her. Så blir det blanda med strø og lagt i rankar.




Det er store dimensjonar på komposteringsanlegget. I den store hallen blir stoffet frå komposteringsrankane tørka og seinare sortert gjennom ei effektiv soldingsmaskin.



Ute ligg dei kolossale komposteringsrankane på rekke og rad. Når dei med jamne mellomrom blir «snudd» får dei ny plass atmed den første, slik at det alltid blir ledig plass i starten av rekka.

Foto: SIM



– Det er diverre ein god del ting i komposten som ikkje skal vera der. Einaste måten å unngå det er at ein ikkje kastar plast og anna i do, vaskar og i matavfallet. Etter det er kome i komposten er det ikkje mogleg å bli kvitt dei små bitane, viser Einar Breivik oss.

Einar Breivik er entusiastisk komposterar og jobbar i stor målestokk. Den tidlegare bonden følgjer prosessen tett, med digital temperatur-overvaking og hender og augo som analyserer om resultatane er gode nok.

## Med klokka rundt anlegget

Kompostrankane er på ein måte på tur rundt anlegget, slik at når det nesten er kome heilt rundt kan det hentast som ferdig kompost eller plenjord, alt etter korleis siste delen av bearbeidinga har foregått. – Plenblandinga blir nytta til nye plenar, underlag for ferdig-plenar eller anna det passar til, fortel Malvin Andahl oss. – Det er ei svært næringsrik blanding. Då plenane på SIM sitt anlegg på Heiane blei laga for ti år sidan brukte me slik blanding. Dei veks veldig godt framleis, heilt utan gjødsling, kan han fortelja. Det er reine superstoffet!

## Det fatale feilgrepet

– Me får diverre av og til inn slam som inneheld stoff som gjer det umogleg å kompostera, rett og slett fordi det er tømte t.d. olje, diesel eller andre kjemikalia som ureinar slammet, fortel dei to. – Det kan gjelda heile laster som ikkje kan nyttast.

## Det er blitt mykje betre!

Men Einar og Malvin understrekar at folk er blitt mykje flinkare og meir medvitne på kva som ikkje skal i do og matavfall. – Det betyr svært mykje. Det er berre ein måte å få det bort frå avfallet, og det er å hindra det å komma inn, sluttar Einar i ein tydeleg appell til alle oss som les dette.



Innhald i ein samanfiltra klump som blei tatt ut av ei pumpe, etter vask...

Foto: BVA

## Truser og mobiltelefonar i do - hallo?

Det er mest ikkje grenser for kva ein kan finna i avløpet. Det skaper utfordringar på fleire måtar, fortel driftsoperatør Svein Arild Madsen i BVA.

### Lista er lang over uønska ting

– Gjengangrane er bind, truser, vaskefiller, bleier, våtserviettar, hår, bomullspinnar og anna som ved tankeløysse eller uhell har hamna i do, fortel Madsen. Me er med på ein rundtur til nokre av kloakkpumpestasjonane til BVA ilag med Madsen og kollega Ove André Vedøy. – Når uønska ting kjem i avløpssystemet kan det bli liggande i røyrane og bygga seg opp ilag med feitt og anna som klebar seg til. Til slutt vil det tetta røyr eller komma fram til ei pumpe som blir stoppa av den seige klumpen, seier Madsen. – Då må me til å opna opp og reinska pumpe. Det tar tid og kan i verste

fall øydeleggja pumpe slik at me får kostnad med å kjøpa deler eller heilt ny pumpe. Den største klumpen me har fjerna var på heile 60 kg!

### Ikke hiv «flushables-serviettar»!

– No etterpå skal me bort til ein anna pumpestasjon med den innleigde suge- og spylebilen for å pumpe ut ein del av sumpen. Der er det så mykje våtserviettar som

me fryktar kjem til å stoppa pumpene om me ikkje fjernar dei, forklarar Madsen. – Kast dei i bosspannet og la dei enda i restavfallet der dei høyrer heima. Og sjølv om det står «flushable», altså at dei kan spylast ned i do, stemmer ikkje det, dei skaper likevel problem!

«Dette er både kostbart, men også nødvendig dersom folk passa på kva dei hiv i toalettet»

Svein Arild Madsen  
Driftsoperatør i BVA

### Du får rekninga!

Dette er både kostbart, men også nødvendig. Dessutan endar kostnadane på grunn av sjølvkostprinsippet faktisk opp hos BVA sine abonnentar.



Foto: BVA

## SKAPER PROBLEM

Slik ser det ut når våtserviettar og anna som ikkje skal i toalettet blir kasta der. Det filtrar seg saman og tetter røyr eller stoppar pumper i avløpssystemet. Det fører til skadar på utstyr, er tidkrevande for vedlikehaldsfolka og kan i verste fall føra til manglande pumpekapasitet og med det fare for forureinande kloakk på avvegar.



Arkivfoto: Vegard Røisland

Det er allereie gjort eit stort arbeid for å gjera Innvær fjorden reinare. Denne pumpestasjonen ved brua i Stongarvågen er ein del av systemet som endar i reinseanlegget i Rubbestadneset.

### Kommunen og BVA

Det er ikkje alltid lett å sjå kven som har ansvar for kva i vår kommune, der me har eit eige VA-selskap. Bømlo kommune er forureiningsmynde. BVA skal bygga ut, drifta og vedlikehalda vatn- og avløpsanlegg i Bømlo kommune og andre oppgåver i tilknytning til dette.

Som forureiningsmynde kan kommunen t.d. påleggja folk å knyta seg på offentleg avløp. Politkarane har likevel sett eit øvre tak for slik påkopling, og i dag kan ein ta maks kr. 200.000,- inkludert mva. Kommunen rullerer og vedtek hovudplan for vatn og avløp kvart 4. år, og vedtek storleiken på gebyra årleg.

## Bømlo kommune sitt tilsynsansvar

– Det er Bømlo kommune som gir utsleppsløyve, og det er me som følgjer opp i forhold til forureiningslova, kan kommunalsjef for samfunnsutvikling, Tone Stavland, fortelja.

### Kva rolle har kommunen?

Me møter kommunalsjefen saman med fagansvarleg for landbruk, miljø og arealplan, Njål Gunnar Slettebø til ei samtale om kommunen si rolle i avløpssamanheng.

– Kommunen har eit tilsynsansvar for den jobben som BVA gjer, seier Slettebø, men også i forhold til private kloakk og anna aktivitet som medfører utslepp. Kommunen har ein reiskap i forureiningslova, og lova er ganske streng. – Og sånn som utviklinga går no, med at me alle er opptatt av å få vatna, bekkane og t.d. innvær fjorden rein, så ser ein at utviklinga går mot ei strengare haldning, slår han fast. Det vil til dømes kommande år bli stilt strengare krav til kommunane til å følgja opp private septiktankar, at dei fungerer slik dei skal og er påkopla.

### Framtidsretta i Bømlo

– Det går litt i etappar sidan det er kostbare greier å bygga ut kloakknettet, fortset Slettebø, – men heldigvis, i Bømlo har me hatt framtidsretta politikarar som har sett behovet for til dømes å få kloakken frå sentrumsområda samla og frakta vestover til Nesseosen, slik det er i dag. Vår jobb i kommunen blir å passa på at tempoet i det vidare arbeidet ikkje sakk på, slik at me fortsatt kan ha reint Storavatn, reinare Innvær fjord og at bekkane våre kan bli reine, seier ein tydeleg engasjert Slettebø.

### Plan- og bygningslova

– Forureiningslova er klar, null utslepp. I tillegg har me plan- og bygningslova som set krav, skyt Stavland inn. – Hovudplan for vatn og avløp blir utarbeidd av BVA i samarbeid med kommunen, men det er kommunestyret som vedtar kva tiltak som skal gjennomførast. Den planen blir revidert i desse dagar. Der seier ein også at hvis kostnaden blir meir enn 200.000,- (inkl. mva) så har ein til no ikkje trengt å kopla seg opp.

### Krav ved endringar på huset


Vanlegvis er det slik at dei som bur i gamle hus ikkje plutsleg får pålegg om å kopla

seg på offentlege anlegg. Skal ein derimot bygga om, renovera eller gjera andre bygningsmessige endringar som t.d. nytt bad, kan ein få slike pålegg. Men skulle det bli for kostbart kan ein etter forureiningslova nytta såkalla minireinseanlegg. Her har teknologien utvikla seg mykje dei siste åra og det kan bli rimelegare med desse kompakte anlegg.

### Bømlapakken har sett agenda

Me har jo ei historisk stor vegutbygging i Bømlo no. Den gjer det gunstig å bygga ut vatn og avløp når me har høve til å kombinera det med vegprosjekta. Det gjer at ein del investeringar blir prioritert no, medan andre må litt lenger ned på lista. – Men utbygginga har også ført til påkopling av område som før ikkje har hatt offentleg avløp, seier Slettebø, og det er jo positivt.

Utviklinga blir styrt gjennom vedtak i kommunestyret, og rammene dei gir. – Me ville jo helst gjort mykje meir, men kostnadane gjer at me må vera litt tålmodige, avsluttar Njål Slettebø. – Og så er det jo ein balansegang, sidan heile verksemda er bygd på sjølvkostprinsippet, legg Tone Stavland til.



Gjennom eit hol så stort som tjukkelsen på ein blyant renn det ut så mykje vatn at det kunne forsynt 150 bustader med drikkevatt!

## Blir det gebyrauke neste år?

**Nyheitsoppslaga om store auker i gebyr for vatn- og avløp skaper uro i hushaldningane. NRK melder at 6 av 10 kommunar i ei spørjeundersøking varslar gebyrauke på 10-20% til neste år, medan 4 av 10 reknar med auke på over 20%! - Kva skjer i Bømlo?**

- I det budsjettet me lagar no er det lagt opp til ei samla gebyrauke på vatn og avløp på 5,9 % for neste år, fortel dagleg leiar Audun Halleraker i BVA. - Slik me har skrive før har det vore arbeidd etter ein langsiktig plan for investeringar i BVA og etterslepet hos oss er ikkje så stort som hos mange kommunar i Norge, fortel han vidare. - Vår utfordring no er det auka behovet for industrivatn i kombinasjon med utbygginga av Bømlopakke 2.

### Fordi det går så godt

Det er på ein måte eit paradoks at når samfunn og næringsliv utviklar seg fort og

godt, kostar det å følgja med i utviklinga. Fleire bedrifter med store vassbehov bygger no ut, og då må BVA prøva å halda følgje. På same måte gjer vegutbygginga at det må takast ein del investeringar fordi det er gunstig å bygga vatn og avløpsstruktur samtidig.

- Det betyr større investeringar på kortare tid, seier Halleraker, derfor kjem det til handsaming i kommunestyret ei auka

investeringsrame frå 20 mill. til 50 mill. kroner årleg dei neste 4 åra. Me tar på ein måte eit ekstra krafttak for framtida på denne måten. Derfor er det bra at me likevel ligg så pass lågt som 5,9% i gebyrauke, noko som er relativt lågt i forhold til meldingane frå resten av Norge, seier han. Så

skal jo gebyra også dekkja auka kostnader på straum og drift.

### Næringslivet bidreg

Det er likevel ikkje nok for å gi næringslivet nok vatn. Derfor har BVA fått avklart med statlege mynde at ein kan inngå avtaler om anleggsbidrag frå private verksemder

for å finansiera utbygging som skal vera med å dekkja deira behov. - Me er i desse dagar klare til å inngå konkrete avtaler med enkeltbedrifter om dette, seier Halleraker. - Så er det slik at BVA sitt økonomiske fundament er gebyr etter sjølvkostprisset, ut frå lovpålagt leveringsplikt. Utbygginga me her snakkar om kjem både dei me pliktar å forsyna og dei med behov for industrielt vatn til gode. Derfor har me laga ein finansieringsmodell som tek omsyn til dette og fordeler kostnadane så rettvisst som mogleg.

### Ei anna side av berekraft

- Det er fint å vera innbygger i eit framoverlent lokalsamfunn, slik som Bømlo er. Med gründerskap og næringsliv i sterk utvikling og politisk vilje til satsing på veg, industriområde, skule og helse, seier Audun Halleraker. - Utfordringar som blir tekne når dei kjem og ikkje minst det tette, gode samarbeidet mellom offentlege og private aktørar. - Me ønskjer jo å bygga ei berekraftig framtid for våre barn og barnebarn, med arbeidsplassar og gode lokalsamfunn, ilag!

Foto: Magne Raknes

## Når kulda set inn...

**Vinteren kan vera ei ufordrande tid for vassrøyra i huset, særleg i eldre hus med kalde kjellarar. Det hender at vatnet frys i røyrane.**

Vatnet du kan gle deg over i springen kvar dag, er ferskvare produsert i eit av våre produksjonsanlegg. Dette vatnet blir betalt av det du og eg betaler i vassgebyr. Då seier det seg sjølv at det er dårleg økonomi om dette vatnet lek ut til inga nytte, eller blir brukt til inga nytte.

### Frosttapping sløsar bort vatnet!

No går me vinteren i møte, og frå gamalt av har det vore praktisert såkalla «frosttapping», dvs at ein let spring eller slange liggja og renna for å hindra at vatnet frys. Det skal med dagens løysingar ikkje vera naudsynt. Det er heller ikkje lovleg!

### Store mengder gjennom små hol!

Det ser kanskje ikkje så mykje ut, men gjennom eit hol med blyanttjukkelse renn det ut ca. 2 500 liter i timen med normalt vasstrykk. Det tilsvarer ca. 60 000 liter pr døger eller ca. 420 000 liter pr veke! Denne mengda vatn kunne elles ha forsynt om lag 150 bustader med drikkevatt, eller det me ville kalla eit stort byggefelt! - Og ei utett toalettsisterne betyr at du minst doblar vassforbruket ditt (litt avhengig av lekkasjen)!

**Med andre ord kan BVA redusera produksjonen og me alle kan spara kroner på at me tar betre vare på vatnet!**

## Vannvittig :-)

Ein mann kjem inn i dyrebutikken: - Eg skulle hatt ei skål hunden min kan drikka vatn av.

- Skal det stå HUND på skåla? spurte dama bak disken.

- Nei, det trengs ikkje, svarta mannen, han kan ikkje lesa likevel.



## Unngå frosne røyr!

Me rår dei som har hus med uisolerte kjellarar å setta ein vifte/varmeovn på låg effekt for å halde litt varme. - For dei abonnenter som har isolerte vannleidningar med varmekablar er det ikkje nødvendig å foreta frosttapping. Det er heller ikkje lov! Vannrøyrane har varmekablar nettopp for å hindra at dei frys, sjølv om leidningen har liten eller ingen overdekning.

De som har tomme hus/fritidsbustader bør sjekka desse, slik at det ikkje oppstår vasslekkasjar som følge av frostsprengning. Steng hovudkran og tapp vatn ut av leidningane. Isolér gjerne grunne leidningar, anten med isolermatter eller ved å grave på meir jordmasse.




BØMLO VATN OG AVLØP

### Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS

Org. nr. 985 228 825  
Pb 214, 5445 Bremnes  
Besøk: Hollundsdaalen 21  
Tlf: 53 42 88 40

Vakt: 53 42 88 45

Retur:  
Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS  
Pb 214  
5445 Bremnes



zpirit

Foto: Rune Skjærvold/Zpirit



friskt

Ove André Vedøy og Svein Arild Madsen på rutinemessig vedlikehald på ein av kloakk-pumpestasjonane til BVA.